

Styringsgruppemøte Områdeplan Lonena, KPA/KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen

Tid/stad

14.11.2017/ Rådhuset

Til stades:

PMU

Ståle Juvik Hauge – leiar (AP)
Hogne Brunborg (AP)
Håkon Reigstad (SP)
Bent Risøy (KRF)
Vetlemøy Wergeland (KRF)
Malin Knudsen (KRF)
Andreas Dyngen (Uavh/FRP)
Karl Vågstøl (H)
Anita Høgquist (H, vara frå FRP)
Anne Julie Hetland (H)

Administrasjonen

Hogne Haugsdal (Assisterande rådmann)
Siril Sylta (byggesakssjef)
Hans Kristian Dolmen (planavdelinga)
Trude Langedal (planavdelinga)
Sondre Sognnes Haugen (planavdelinga)
Marte Haugen Eriksrud (planavdelinga)
Frøydis Ones (planavdelinga, avdelingsleiar)
Kaia Marie Amland (planavdelinga)

Plankonsulent

Ina Bakka Sem-Oslen (Opus Bergen AS)

Tema – Områdeplan Lonena	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<u>Trafikksituasjonen</u> Trafikkvurderinga: FV 57- krysset har ikkje ledig kapasitet i dag. Vegvesenet krevjer rekkefølgekrav om signalregulering av krysset før første bustad. Vegvesenet opplyser også om at signalregulering tar mykje plass og krever regulering. Trafikkvurderinga gjer eit anslag på at signalreguleringa har kapasitet til 600 bueiningar før andre avbøtande tiltak må på plass, t.d FV 57	Behov for avklaring politisk: Vert det knytt motsegn kravet om vegregulering før/ samstundes med Områdeplan Lonena? Trafikkvurderinga er basert på trafikktaal frå 2017. Det er vanskeleg på komme inn på Lonsvegen frå E39 i dag. Situasjonen i området vil endre seg med ny barneskule som står klar for innflytting til hausten og den siste bustadbygginga i området. Det vert mange som

i tunnel. Ca. 600 bustadar er ei skjønsmessig vurdering av Helge Hopen, som har utarbeida trafikkvurderinga.

Tafikkvurderinga seier at det ikkje er tatt høgde for nye bueiningar i området rundt Lonena, som også kan auke presset på kryssa Fv57 og E39.

Trafikkvurderinga gjer ikkje eit eksakt tal på kor mange nye bustadar krysset ved E39 har kapasitet til før det vert krav om venstresvingefelt. Det er opp til vegvesenet å vurdere dette utifrå trafikkvurderinga. Vegvesenet har gitt ein førebels beskjed om at det truleg må på plass ved tidleg utbygging. Dei kjem med ny tilbakemelding etter intern gjennomgang av utvida trafikkvurdering.

Krav frå Statens vegvesen om regulering av kryss Fv57 og E39. Vegreguleringa må bli vedtatt før/samstundes med Områdeplan Lonena. Anbefaler å utvide planområdet til å omfatte kryssa FV57 og E39. Dette for å ha oversikt over omfanget av rekkefølgekravanår planen blir vedtatt og for å sikre formelt plangrunnlag til å bygge krysset.

I møte med vegvesenet har administrasjonen uttala skepsis til å utvide planområdet til Områdeplan Lonena for å ta med kryssa FV57 og E39.

Alternativet er å gjere ei endring av Områdeplan Lonselva Juvikstølen og erstatting av planid 1263-200818 Knarvik aust Såtafjellet.

Konklusjon: KDP for Knarvik, Alversund og Alverstraumen er i prosess. Arbeidet kan bl.a. sette av andre areal til bustad kring Lonena, som også vil påverke kapasiteten i kryssa Fv57 og E39. Kan vere behov for å revidere/endre reguleringsplanar som oppfølging av dette planarbeidet. Betre å bygge vidare på trafikkvurderinga i forbindelse med denne planen, der ein tar andre planlagte bustadområder og ny barneskule med i berekninga. Ev. kryssregulering også i samband med revisjonen.

skal gå langs Lonsvegen. Delar av styringsgruppa var veldig skeptisk til trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs Lonsvegen. Mogleg å gjere vurderinga basert på trafikktalet for 2019?

Det er kanskje fornuftig å utvide plangrensa til å ta med kryssa. Problemet er tidspress på arbeidet.

<p>Fordelaktig å ha kryssa med i planområdet eller ikkje? Dersom ein utarbeider ein eigen vegplan, får ein meir fokus på vegproblemtasikken i denne planen.</p>	
<p>Sosial infrastruktur KU for tema Sosial infrastruktur vert ferdigstilt når dei nye folketalsframskrivingane kjem rundt jul.</p>	
<p>Plankart Plankartet som er sendt inn i forkant av møtet 800 bueiningar som maksimumstal for bustadutviklinga. Utbyggingsform er rekkehus og leilegheiter. Plankrav på områda i vest, med unntak av felta BKS4 og BKS3.</p>	
<p>Arealføremål i sørvest BAA1 og BAA2: Basert på resultat frå spørjeundersøkinga og førebels vurdering av sosial infrastruktur, tilrår administrasjonen blanda føremål med offentleg/privat tenesteyting, forretning og bustad, slik det er vist i plankart – med sikring av ein gitt % av kvart føremål i føresegn. Dette vil bygge opp om regionsenterutviklinga. Arealføremålet ligg inne som privat eige i plankartet som er sendt inn i forkant av møtet.</p> <p>Administrasjonen tilrår å regulere parkering o_SPA med rekkefølgekrav om opparbeiding av parkering ved behov, då ein vurderer at parkeringsdekninga i Knarvik er god nok for framtida. Før opparbeiding, kan arealet tilretteleggast med tuftepark el.l.</p>	<p>Det er behov for parkeringsplassar. Tuftepark er eit godt forslag, men denne kan plasserast andre stadar kring Lonena. Mange treng å parkere teitt ved løypa.</p>
<p>Brekkeløypa, eigarform Ønsker styringssignal om kva eigarform Lona, Brekkeløypa med bufferen rundt skal ha.</p> <p>Offentleg friområde gjer innløysingsmoglegheit/plikt, jf. Pbl § 15.2.</p>	

<p>Offentleg friluftsområde gjer ikkje innløysingsplikt.</p>	
	<p><u>Styringssignal etter gruppemøte</u> Plangrensa er lagt til markagrensa, ønsker å behalde den i markagrensa. Opplyser at denne kan flyttast lenger sørover i arbeidet med kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.</p> <p>Avklaring av sist signal frå styringsgruppa, angående kvar bustadområda skal plasserast. Styringsgruppa si oppfatting var å be om ei vidare utgreiing av tal på bustadar opp til 800. Ønska å sjå korleis ei utbygging med opp til 800 bueingar kan vere, for å sjå på reelle moglegheiter. No har dei fått eit slikt bilete. KRF ønsker redusert utbygging innanfor spesifikke områder.</p> <p>Er positiv til parkering ved Brekkeløypa. Parkeringsplass her vil gjere det lettare å gå på tur, derfor er det viktig å ha p-plass inn til dette området. Ønsker å ha tufteplass ein annan stad. Ønsker auka bruk av Brekkeløypa.</p> <p>Lonena er ein del av fleire områder der ein vurderer utvikling i området. 600 bueingar er grensa for kor mange fleire bustadar krysset Lonsvegen/E39 toler før andre avbøtande tiltak enn signalregulering må på plass, t.d tunnel. Å binde opp heile «reserven» i ein plan vil vere eksklusivt. Når skuletala ikkje er tatt med i trafikkvurderinga, vert dette forsterka. Det nederste området i aust (BBB1 nedanfor f_SKV2), ønsker dei vekk. I tillegg ønsker ein reduksjon av arealet og einingar i vest. Tilkomst til området skal skje via veg som er mot/langs dagens Juvikstølen. Holder på rekkehus og småhus i aust. Teittare utbygging i vest. Samla tal for einingar: 300 einingar. Parkeringsplass ved Lonena for turbruk er ok. Fleirbruksområde i vest ønsker dei å ha med vidare. Ynskjer Lonena lagt inn som friluftsområde – innløysingsmoglegheit/plikt.</p> <p>Ønsker å halde på 800 einingar. Heile Knarvik er eit utviklingsområde som Lonena er ein del av.</p>
<p>Opus: Høgspenkabel vert lagt i grøft. Det er eit incentiv for at første del av vegen i vest skal realiserast.</p>	<p><u>Diskusjon</u> Ulike synspunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Denne planen har ingen eksklusiv rett til å bygge ut dei 600 bustadane som er toleevna til signalregulering. Tenker ein

	<p>å regulere ut fase to seinare, med fleire bustadar etter tunnel? Dersom kryssa vert bygd ut, og det vert bygd tunnel, er situasjonen ein annan. Då toler Lonena og området rundt fleire bustadar, når det gjeld vegsystemet sin kapasitet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det samla trafikktrykket i området er eitt diskusjonspunkt, kor ein ønsker å ha friluftsområde og bustadar er eit anna tema i diskusjonen. AP ønsker å redusere tal på bustadar i Lonena til 300 bustadar ikkje berre på grunn av trafikksituasjonen, men også for å bevare meir av naturområdet Lonena. • Ein ønsker forteitning i Knarvik. På sikt er 300 bustadar for lite i Lonena og området rundt. Problemet i dag er vegsystemet. • Det er fleire som har planar/ønske om å bygge i området. Har ikkje behov for den store bustadreserven i Lonena no. Storsamfunnet ønsker å ivareta andre føremål i dette området. • Knarvik skal forteittast. I sentrale områder må det akseptast at det byggast ut innanfor rimelege grenser. 800 bueiningar er innanfor rimeleg grense. Meiner trafikkvurderingane som er gjort er gode nok. • Er samd i at ein ønsker forteitning, men ikkje i at forteitninga skal vere i dette området no. Det skal leggjast til rette for utviklinga av Knarvik sentrum. • 800 bueiningar treng ikkje å byggast ut på ein gong. Dette er eit område som utviklast over tid. • Ønsker ikkje så store begrensingar i maks tal. • Har fått eit reservetal på 600 bueiningar i dag (signalregulering gjer ein kapasitet på 600 bueningar, før krav om andre tiltak, som t.d. tunnel), det er derfor lettare å gje eit tal. Har også sett på
--	--

	<p>framlegg til plassering i kartet, som ønska. Utvikling handlar om bustad m.m., men det handlar også om å ivareta og utvikle grønstruktur m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er samd i at ein skal behalde natur, Brekkeløypa m.m., men det er mykje natur att i Lindås kommune. Må sjå på større areal i samanheng med regionsenterutviklinga. • Bustadprognosane må trekkast inn i det vidare planarbeidet, med trafikkvurderinga m.m. • Folk ønsker at Brekkeløypa vert vidareført og utvikla ut frå slik den er i dag. • Knarvik kan vere ein attraktiv plass å busetje seg fordi ein har mange kvalitetar frå sjø til fjell. Det er ønskeleg å bevare Lonena for å tiltrekke seg folk. • Området blir brukt til mykje – god samanheng mellom kyrkje, idrettsanlegg, friluftsliv. Meiner det må kunne byggast ut meir enn det. <p>→ Fleirtalet ønsker å ta vare på større grøntområde i Lonenaplanen enn utkastet til plankartet viser. Hovudårsaka til ønsket om å gå ned til 300 bueiningar, handlar om verdifulle turområde/grøntområde, ikkje om vegsituasjonen.</p>
	<p><u>Samla styringssignal oppsummert</u></p> <p>1: Aust: Bustadfelt nærast Lona skal ut- BBB1, på sørsida av vegen f_SKV2</p> <p>2: Vest: Ny veg skal vekk, redusere tilgrensande – ta vekk BBB2, BKS5, BKS7 og BBB3.</p> <p>3: Rekkehus og småhus i aust. Plankrav på områda i vest.</p> <p>4: Ta med fleirbruksareala, BAA1 og BAA2. Går for administrasjonen si tilråding – kombinerte føremål: offentleg/privat tenesteyting,</p>

	<p>forretning og bustad, der ein i føresegnane til områdeplanen sikrar % andel av kvat arealføremål.</p> <p>5: Parkeringsplass skal med.</p> <p>6: Resten av området skal leggest til offentleg friområde, som gjer offentleg innløyingsmoglegheit/plikt.</p> <p><u>Styringssignal 6 (Ap, Krf, Sp) mot 4 (H, Frp, Uavh)</u></p>
Tema – KDP KAA	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<p>Framdriftsplan KPA og KDP KAA: Foreslår å forskyve innlevering til 1. gongshandsaming til mars 2019. Arbeidsperiode fram til neste styringsgruppemøte i desember. Orienterer om Regionalt planforum 11. desember – må få fram eit planmateriale som dei kan gje tilbakemeld på.</p> <p>Legg fram plan A og B for framdriftsplan –plan vedtak i kommunestyret juni/september.</p>	<p>Ofte er ikkje pmu einig i signal frå Regionalt planforum, adm kjem ofte med nye endringar etter slike møter, som ikkje pol. Styringsgruppe har bestilt. Kan utfordre aktørane i planforum, der motsegnsmunde møter.</p>
	<p>Trumfar ein saker ein veit ein vil få motsegn for, må ein vente vedtak etter juni 2019. Slik styrer politikarane løpet for kva tid ein rekker vedtak, ikkje administrasjonen.</p>
<p>Ass. rådmann: Dersom denne planen går over i Alver, kan ein vente ein heilt annan prosess. Kanskje ikkje vedtak før fleire år. Blir planen vedtatt før Alver, vil den vere juridisk gjeldande før ny arealplan for Alver.</p>	<p>Det første ein gjer i Alver, er utarbeiding av samfunnsdelen. Må sikre noko politisk for å få til eit godt styringsdokument inn i Alver.</p>
<p>Ønsker meir grovsiling i dette møtet, før innspela går vidare inn i konsekvensutgreiing/risiko- og sårbarheitsanalyse (KU/ROS).</p>	
<p>Vurdering bustad, Knarvik</p> <p>HFK sin folketalsprognose for Alver kommune i perioden 2018- 2040 er 100-200 bustadar årleg.</p> <p>Ikkje først og fremst eit mål å finne nye bustadområder, men korleis realisere det som allereie er planlagt.</p> <p>I følgje regionsenterutviklinga skal ein legge opp til realisering av Knarvik-planen. Ikkje berre utbygging i randsona av sentrum. Administrasjonen tilrår å ikkje legge inn store nye bustadområde, men sikra gjennomføring av</p>	<p>Vedtak av Knarvikplanen legg opp til 1800 nye bustadar i løpet av 40 år fram i tid. Slik at det er mange år til denne utbygginga er fullført.</p> <p>Behov for nye bustadar? - Tal på kor lenge folk</p>

<p>planlagte bustadområde og støtta opp om regionsenterutviklinga.</p> <p>Mange einebustadar i Knarvik. Eigarskifte i framtida kan vere ein utviklingsstrategi – eldre flyttar ut av einebustadane sine og inn i lettstelte leilegheiter, slik at det vil stå ledige einebustadar til barnefamiljar.</p> <p>Administrasjonen sitt svar til politikarane: Før eller seinare flytter folk ut av einebustadane – i leilegheit eller sjukeheim. Sjølv med 40 års utvikling i Knarvikplanen, har me det bustadarealet me treng iallfall i dei neste 12 åra.</p>	<p>bur heime før pilotprosjektet teknologiprojektet? Ønsker med pilotprosjektet at folk skal bu heime lengst mogleg, noko som gjer behov for færre sjukeheims plassar. Eit tal på dette hadde vore ei viktig opplysning for å avgjere om ein skal legge ut nytt bustadareal eller ikkje.</p> <p>Svar til administrasjonen: Kor fort skjer eigarskifta? Skeptisk på at det skjer fort nok til å dekke behovet for bustadar/einebustadar i Knarvik.</p> <p>Kor mange nye einebustadar er det bygd i Knarvik dei siste 5 åra? Då nye einebustadar i Langheiane blei lagt ut for sal for 5 åra, blei dei solgt «på ein og ein halvtime». Dette viser at behovet for nye bustadar i Knarvik er stort.</p> <p>Folk utanfor Knarvik som har barn på ungdomsskolen, flyttar ofte inn i leilegheit i Knarvik. Då slepp dei å køyre til fritidsaktivitetar osv. Det er attraktivt å bu i leilegheiter, ikkje berre for småbarnsfamiljar. Folk vil ikkje bruke tid i hagen i kvardagen, dei vil heller ha hytte. Sett stor pris på hovudgrunnen for kvifor ein ikkje vil ha inn einebustadar i Knarvik. Knarvik sentrum treng eit løft. Dette har stått på vent lenge. Må gjere så mykje ein kan for å løfte sentrum. Godt signal frå administrasjonen!</p> <p>Må løfte Knarvik sentrum. Behov for nye leilegheiter, fordi folk flytter ut av einebustadane sine og inn i leilegheitar lenge før dei slytter inn på sjukeheimen.</p>
<p>Fleire innspel i konflikt med markagrensa og omsynssona for E39.</p> <p>Markagrensa blei satt på bakgrunn av vurdering av fjernverknad, mellom anna frå Isdalgardane. Å tillate utbygging innanfor markagrensa har derfor ein konsekvens.</p>	
	<p><u>Vedtak, innspel med/ikkje med vidare til KU/ROS</u></p> <p>Innspel nr. 33 Gbnr. 188/1, ABO plan og arkitektur på vegne av Magnar Bleikli Forlenginga av Såta 2.</p>

	<p>Må vere vilkår om at det ikkje kan realiserast før SVV har bygd vegen.</p> <p>Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel nr. 34 Gbnr. 188/2, Jonny Edvardsdal og Wencke Remme Fleirtal: Ikkje med vidare</p> <p>Innspel nr. 35 Gbnr. 188/375, Sindre Bleikli Fleirtal: Ikkje med vidare</p> <p>Innspel nr. 39 Gbnr. 185/280 og 185/28, Lindås tomteselskap Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel nr. 40 188/3, Juvikstølen 2, Lindås tomteselskap Fleirtal: Ikkje med vidare</p> <p>Innspel nr. 41 Gbnr. 188/3, Langheiane, Lindås tomteselskap Stemmer for 24daa: Fleirtal: Ikkje med vidare</p> <p>Stemmer for 8-9daa(alternativ som ikkje er i konflikt med markagrensa) Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel nr. 42 Oterdalen, fleire eigedommar, Lindås tomteselskap Fleirtal: Alle 3 innspela er med vidare</p>
<p><u>Vurdering bustad, Alverflaten</u> Innspel nr. 27- viktig korridor opp mot Tveitevarden.</p> <p>Innspel nr. 28 – Delar ligg i konflikt med same korridor.</p> <p>Hovudargumentasjon: Ein del nye bustadar er under planlegging. Vil ikkje tilrå å gå vidare med innspela på nye bustadar. Innspela er i konflikt med korridor til Tveitevarden.</p>	<p>Lurt å sjå på næringsareal før bustad? Kan vere begrensing for bustadområda. Unngå konflikt bustad / næring, bustad må vike.</p> <p>Vegar til industri og korridorar til grøntareal. – Alverkrysset er dårleg, ny tilkomstveg gjennom Galteråsen viktig å få på plass.</p>
<p><u>Etter gjennomgang av næring:</u> Innspel næring, som er tatt med vidare til KU/ROS, ligg over innspel 26-28 i kartet.</p>	<p><u>Vedtak, innspel med/ikkje med vidare til KU/ROS</u> Innspel: Gbnr. 137/17, Svein Hjelmtveit mfl</p>

	<p>Ca 17 daa – På Alverflaten Må vere attraktivt bustadområde for å bygge Fleirtal: Ikkje med vidare.</p> <p>Innspel nr. 26-28: Innspill frå John Flatøy, Liv Unneland, Vidar Mjøs/ byggmester Skare as, Harald Sagstad Gbnr. 137/84, 137/102, 137/7 og 9, 137/7 Det er eit sentrumsområde her med kiwi osv. Ønskjer derfor å ta med innspela med vidare. Men må sikre urban korridor. Føresetnad: sikre i føresegn felles regulering av desse tre områda.</p> <p>Styringssignal: Restarealet, utanom næringsinnspela, kan tas vidare til bustad.</p> <p>Fleirtal: Tas med vidare.</p>
<p><u>Bustadinnspel Kvamme- Stølshaugane</u> Begge innspela ligg heilt innanfor omsynssone landbruk. Det eine ligg også innanfor omsynssone friluftsliv.</p>	<p><u>Vedtak, innspel med/ikkje med vidare til KU/ROS</u> Innspel med 28 daa, Gbnr. 141/3 Asgeir Kvamme Fleirtal: Ikkje med vidare</p> <p>Innspel med 14 daa i kartet Gbnr. 141/3 Asgeir Kvamme (Grensar til 139/20 og 139/72 m.fl.i kartet) Del er allereie regulert som friområde. Ta med det resterande, det som ikkje er regulert som friområde, noko som utgjer ca. 10 daa. Det regulerte området vil tas vekk i den vidare vurderinga. Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel med 20 daa i kartet Gbnr. 141/1, Toft, Kjartan og Runde, Ingunn Omsynssone landbruk, slåttemark. Det var drøfta om innspelet skulle med vidare. Fleirtal: Med vidare.</p>
<p>Radtangen: Tar dette i neste møte. Utvalget vil ha dokumentasjon på at området ikkje ligg inne som småbåthamn i gjeldande KDP. Vert sendt ut når det føreligg.</p>	<p>Innspel frå Radtangen. Ligg småbåthamna inne i KDP, eller er dette feil? Dersom båthamn ikkje er med i KDP, er ikkje innspelet aktuelt.</p>
<p>Næring Adm tilråding: Gå vidare med Galteråsen og Gjervik. Ikkje gå vidare med Hagalia og Brukhovden. Desse to områda er arealreserve for friareal i regionsenteret, noko det er lite av</p>	<p>Mange av innspela for bustadområde overlappar med innspel til næring(utviding Galteråsen).</p> <p>Ønskjer ikkje å blande grøne korridorar inn i næringsområde. Kun næringsområde, ikkje</p>

<p>her. Denne typen verksemd er det ønska og lagt til rette for i Knarvik sentrum.</p> <p>Galteåsen: Tilgangen ut mot naturområdet er viktig.</p> <p>Ass. Rådmann: Grøn korridor eller ikkje, vert eventuelt vurdert i KU/ROS.</p>	<p>grøntkorridor gjennom. Kan sikre tilgang til friområdet utanfor, men den må utformast som ein urban korridor, ikkje grønntkorridor.</p> <p>Dei fleste går enten Galteåsen eller hjortefarmen, dermed er verdien av denne korridoren liten lokal.</p> <p>Presiserer at området med innspel Gjervik faktisk er slåttemark i dag. Formangel i landet gjer det viktig å ta vare på slåttemark. Kvifor ta denne med, når bustadinnspela i konflikt med markagrensa går ut? Avgrensa innspelet på Gjervik til markagrensa.</p> <p>Kan ikkje sette områda opp mot einannan.</p> <p>Markagrensa er ikkje hellig, men kan endrast i planen.</p>
	<p><u>Vedtak, innspel med/ikkje med vidare til KU/ROS</u></p> <p>Innspel nr. 43, Galteåsen Gbnr. 137/13, Lindås tomteselskap Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel nr. 44, Galteåsen Gbnr 137/ 804, Lihiba AS v/ Lars Øyvind Hillestad Fleirtal: Med vidare</p> <p>Innspel nr. 45, Gjervik Gbnr. 188/5, ABO plan og ark på vegne av KT og OPI Invest AS (Søderstrøm Hagesenter AS) Foreslår at utsida av markagrensa i innspel 45 er med vidare, medan området innanfor ikkje blir med vidare.</p> <p>Fleirtal: Adm sitt forslag blir med vidare, å ta med heile arealet, også på utsida av markagrensa.</p> <p>Innspel nr. 46, 47 og 48 Hagellia - Klubben Gbnr. 185/347 og 277 Lindås tomteselskap, Industriutvikling vest v/ Børge Brundtland, Haglsundet eigedom v/ Trond Vetås Fleirtal: Med vidare, minus bustad</p> <p>Innspel nr. 49 Gbnr. 185/93, Knarvik bustad as</p>

	Fleirtal: Ikkje med vidare
Tema – KPA	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<p><u>Prinsippavklaringar for bygde eigedommar i LNF v/ Siril Sylta</u></p> <p>Administrasjonen foreslo i førre møte å bruke same prinsipp som i KDP Lygrefjorden, Lindåsosane.</p> <p>Har berekna antal bustadar, våningshus og fritidsbustad innanfor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • LNF • Innanfor LNF med teig inntil 5 daa • LNF med inntil 5 daa i 100 metersbeltet. 	<p><u>Diskusjon i styringsgruppa</u></p> <p>Kartlegginga av funksjonell strandsone i Lindås kommune var ikkje eit grundig arbeid alle stadar. Visse områder blei prioritert. I dei områda som ikkje blei prioritert i kartlegginga, gjeld 100 meters beltet.</p> <p>Vil ikkje desse tema sikrast ved søknad om disp frå 100-meterssona? Enklare å søke ein disp i staden for to disp?</p>
Snakkar om bygde eigedommar i LNF, både bustad og fritidsbustad. Bygga må vere godkjent. Fleire naust som ikkje er godkjent, enn fritidsbustad. Derfor vel ein å ikkje gå gjennom same prosess med naust no.	Prinsippavklaring for bustad var bestilt i førre styringsgruppe. Flott at fritidsbustadar er tatt med.
<u>Grovsiling av innspel</u>	
<u>Naust/småbåthamn</u>	Innspel nr. 1: Fleirtal: Same areal som innspel som vart silt vekk den 16.okt. Innspelet er ikkje med vidare
<u>Bustad</u>	Innspel nr. 4 Fleirtal: Silt vekk i førre møte, ikkje med vidare
<u>Andre føremål</u>	<p>Nr. 1 Askeland, Høyland, gnr/bnr 209/7, 2 og 208/3 Fleirtal: ikkje med vidare</p> <p>Nr. 4 Ved Hillesvåg Fleirtal: Ikkje med vidare.</p> <p>Nr 6. Parselhage Fleirtal: Ikkje med vidare</p>
<p><u>Arbeid med KPA i heinhald til planprogram</u></p> <p>Har ikkje starta opp med arbeid med havbruk. Kjem tilbake til dette.</p> <p>Dette med krav om reguleringsplan må det sjåast nærare på, om det faktisk er mogleg.</p>	<p>Havbruk må vere med. Har moglegheita til å legge ut heile havområdet som hovudføremål – bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, krav om reguleringsplan for enkeltområder som ligg som akvakultur i dag, bl.a for å tilpasse seg til teknologiutvikling.</p>

	<p>Kan ikkje ta med naust – folk må derfor passe på at nausta deira ikkje dett ned, då kan dei ikkje bygge dei opp att.</p> <p>Kva er LNF 0? Folk trur dei kan oppføre nye bustadar i dette området. Mange disp pga dette. Ber om ei ny vurdering av desse areala i planarbeidet, gjer ei vudering for kor mange bueiningar som kan oppførast her i planperioden. Uheldig å legge ut LNF-spreidd områder med 0 einingar i planperioden.</p>
--	---

**SPØRJEUNDERSØKING
SAMANDRAG**

**OMRÅDEPLAN
LONENA**

OPUS BERGEN

10.08.2018



Innhald

1	Innleiing	2
2	Metode og data	2
3	Resultat	4
	3.1 Fullføringsgrad og tid brukt på spørjeskjemaet	4
	3.2 Om respondentane.....	4
	3.3 Lonena i dag.....	6
	3.4 Meiningar om eit mogleg framtidig bumiljø i Lonena.....	8
3.	Diskusjon.....	12
4	Konklusjon	14
	Kjelder.....	15
	Vedleggsliste.....	15

1 Innleiing

I samband med områderegulering i Lonena er det gjort ei spørjeundersøking for folk som har interesse i området. Undersøkinga er utarbeida på vegne av Rygir Tomteutvikling AS i samarbeid mellom Lindås kommune og plankonsulent Opus Bergen AS. Den er ein del av opplegget for medverking i planarbeidet. Rapporten er utarbeida for å få eit betre grunnlag for å skape eit attraktivt bustadområde som kan sameksistere med det som finns i Lonena i dag. Denne rapporten er eit samandrag av spørjeundersøkinga.

Planområdet består av g/bnr. 185/284 m. fl. , i området Lonena. Området er i dag eit populært og mykje nytta turområde og friluftsområde som ligg sentrumsnært i Knarvik i Lindås kommune. Det ligg nært både skule- og idrettsområde og med gang- og sykkelavstand til Knarvik sentrum. Føremålet med planarbeidet er å regulera til bustader og grøntareal i samsvar med overordna plan.


2 Metode og data

Metoden for undersøkinga er kvantitativ ved at den omfattar ei større mengd respondentar som har fylt ut eit spørjeskjema.

Spørjeskjemaet er laga på [surveymonkey.com](https://www.surveymonkey.com), der ein kunne fylle ut skjemaet elektronisk. Survey Monkey er eit nettbasert verktøy for å lage spørjeundersøkingar. Verktøyet gjer det mogleg å analysere svara ved til dømes å samanlikne dei og å framstille dei i ulike diagram. Det vart reklamert for spørjeskjemaet via Facebook, heimesida til kommunen og annonse i Avisa Nordhordland. Spørjeundersøkinga var open i 1 måned, frå 14.02.2018 til 15.03.2018. I ettertid er svarresultata analysert, samanfatta og drøfta i samarbeid mellom Lindås kommune og Opus Bergen AS.

Å reklamere for undersøkinga via Facebook med ein link til spørjeundersøkinga, er lurt for å få med mange respondentar, då Facebook er blitt eit populært sosialt medium. På den andre sida risikerer ein å få inn mange svar frå dei som er svært aktiv på Facebook, aldersgruppa 15-29 år, og færre svar frå dei yngre og eldre (Krohn). Aldersgrensa for å ha Facebook-konto er 13 år, slik at dei under 13 år i stor grad fell vekk. Ved kunn elektronisk spørjeskjema, kan også mange eldre

sine svar felle bort, då dei eldre er mindre aktiv på internett.



Figur 1 Andel dagleg aktive Facebook-brukarar fordelt på menn og kvinner (Krohn)

Fyrste sida av spørjeskjemaet inneheld informasjon om planarbeidet og føremålet med spørjeundersøkinga. Viser til vedlagt spørjeskjema for meir informasjon. Respondentane vart oppmoda om å svare enten dei ønskjer å bu i Lonena sjølv, blir nabo til området, eller skal halde fram med å bruke Brekkeløypa og det øvrige turområdet. Dei vart informert om at dei ikkje trong svare på alle spørsmåla. Dermed la ein opp til at ulike spørsmål kunne gje ulik tal på svar. At respondentar berre svarar på deler av spørjeskjemaet er uansett alltid ei fare ved slike undersøkingar. Skjemaet inneheld 35 «lukka spørsmål» og 5 «opne spørsmål». Lukka spørsmål vil seie at spørsmålet er formulert med svaralternativ. Fordelen med lukka spørsmål, er at det er lett å samanlikne svara og lage statistikkar. På den andre sida er det vanskeleg å vite om respondenten forstår spørsmålet, eller å vite kvifor respondenten svarer som han/ho gjer. For å få med flest mogleg svar, er fleire av dei lukka spørsmåla supplert med eit alternativ som heiter «anna». Mistydingar kan verte avslørt for dei som har svart «anna». Her kan også anna nyttig informasjon kome fram. Ved opne spørsmål må respondenten sjølv skrive svaret. Dersom desse spørsmåla blir mistydda, er det ofte enklare å oppdage dette i dei skriftlege svara. Ulempa med opne spørsmål, er at dei er vanskelegare å samanlikne. Men i SurveyMonkey-tenesta, er det mogleg å få fram tekstanalysar som framhevar dei orda som er nemnd flest gonger, slik at ein enkelt kan sjå kva flest respondentar har svarta. Det kan vere fleire som hoppar over desse spørsmåla, fordi dei ikkje vil ta seg tid til å tenkje ut kva dei synest, og formulere svaret sjølve.

3 Resultat

I dette kapitlet blir resultatene av spørjeundersøkinga presentert. Kapitlet er inndelt i avsnitt om respondentane, om korleis respondentane nyttar Lonena i dag og om kva meiningar dei har om eit framtidig bumiljø i Lonena. Kapitlet legg vekt på hovudessensen av funna i undersøkinga. Ver merksam på at det er ulik mengd respondentar som har svara på dei ulike spørsmåla. Viser til vedlagt rapport for heile datafangsten og for tal på svar for dei ulike spørsmåla.

3.1 Fullføringsgrad og tid brukt på spørjeskjemaet


Spørjeskjemaet inneheld 41 spørsmål, noko som viser seg å vere mange spørsmål for å halde på merksemda til fleire av respondentane. Fullføringsgraden, det vil seie del som har svara på alle spørsmåla, er på 71%. Fram til og med spørsmål 15, er det gjennomsnittleg henta inn 307 svar. Vidare nedover skjemaet, svara i gjennomsnitt 260 respondentar på spørsmål 16-20, medan det i gjennomsnitt er henta inn 241 svar på spørsmål 21-40. Langt færre har svara på dei opne spørsmåla, der respondentane må formulere svara sjølv. Brukartida er svært varierende. 57 respondentar brukte 0-5 minutt. 18 respondentar brukte over 40 minutt, der fire respondentar brukte over ei veke på å svare. Gjennomsnittleg har respondentane brukt 13 minutt på spørjeskjemaet.

3.2 Om respondentane

Over halvparten av respondentane er i aldersgruppa 35- 49 år. 82% vart kjend med undersøkinga gjennom Facebook for fyrste gong.


Alder

Besvart: 331 Hoppet over: 2




Figur 2 Histogram for spørsmål 2. Utklipp frå spørjeundersøkinga

91% av respondentane har adresse i Lindås kommune. Dei resterande er fordelt på Meland kommune med 5%, Radøy kommune med 1,5%, Bergen kommune med 0,5% og Molde kommune med 0,3%. Samanliknar ein aldersfordelinga til respondentane i spørjeundersøkinga med aldersfordelinga i Lindås kommune, ser ein at det ikkje er eit representativt utval av befolkninga som har svara. Basert på aldersfordelinga vist i figuren under, reknar me grovt ut at aldersgruppa 35-49 år utgjer 21% i Lindås kommune, medan same aldersgruppa utgjer 55% av respondentane.



Figur 3 Alderssammansetting i Lindås kommune. (Lindås kommune, 2017)

Dei fleste respondentane har postadresse nær Lonena. 55% av alle respondentane har adresse i Knarvik/Isdalstø og 20% har adresse i Alversund. Vidare har 7% adresse i Hjelmås, 5% i Frekhaug (Meland kommune), 2% i Eikangervåg og Ostereidet, 1% i heinhaldsvis Myking, Sæbøvågen (Radøy kommune) og Lindås. Sletta (Radøy kommune), Rosseland (Meland kommune), Hordvik (Bergen kommune), Molde (Molde kommune), Hundvin, Søreidgrend (Bergen kommune) og Bergen (Bergen kommune) har alle under 1% respondentar. Sidan dei fleste har adresse i Knarvik/Isdalstø, og det er flest bustadar i/nær sentrum her, er det rimeleg å tru at halvparten av respondentane bur i gang-/sykkelavstand til planområdet.



Figur 4 Oversikt over respondentane fordelt på postadresse

På fyrste side av spørjeskjemaet blir respondentane informert om at Lonena skal regulerast til bustadføre mål og grønstruktur, der ein har som føremål å vidareføre eksisterande viktige kvalitetar som til dømes Brekkeløypa. Om respondentane er utelukkande positive eller negative til utbygginga er ikkje tema for undersøkinga. Spørsmåla er derfor vinkla på ein måte som gjer det mogleg å komme med innspel for korleis utviklinga bør utformast. Dei fleste uttrykker at det er viktig å ta vare på Brekkeløypa og naturen rundt. I kva grad dei meiner ein skal ta omsyn til desse kvalitetane er vanskelegare å fange opp, på grunn av måten spørsmåla er vinkla.

3.3 Lonena i dag

Det kjem fram av undersøkinga av respondentane er svært nøgd med Brekkeløypa og området rundt slik det er i dag. 66% av dei som har svara nyttar Brekkeløypa dagleg/kvar. 95% opplever Brekkeløypa som trygg, 70% synest området har tilstrekkeleg belysning heile året og 90% meiner at løypa er utforma med god nok standard etter deira bruk.

Brekkeløypa er ei av få turløyper av denne typen i området, kjem det fram av svara. Dei nemner natur og stillheit som viktige kvalitetar for løypa. I tillegg er Brekkeløypa passe lang, tilrettelagt med grus og ligg nær der folk bur, slik at den kan nyttast av alle og mange kan nå den til fots. Brekkeløypa blir nytta både til rekreasjon, jogging og som ein sosial arena. 86% svarar at dei nyttar Brekkeløypa til å gå vidare på turstiane utanfor.


Viser 28 ord og uttrykk

Beliggenhet Nydelig Område Jogge Små Barn Ligger Løpetrening Trim
Tilkomst Trening Nærleik Flott Passe Lang Tilgjengelig
Stegane Tur Godt Tilrettelagt Natur Brekkeløypa Fint Rolig
Nærhet Heile Året Jogging Kort Avstand Turområde Kort Vei fra Hjemmet Bor
Mosjon

Figur 5 Tekstanalyse for spørsmål 6 "Kva er hovudårsaka til at du nyttar akkurat denne turstien?". Utklipp frå spørjeundersøkinga

Naturområdet i Lonena er viktig for folkehelsa ved at det har turmoglegheiter, gjer god psykisk helse og har fysisk trygge omgjevnader. Det er også viktig for barn/unge over seks år ved at det gjer fri leik på terreng/ulendt, er eit godt tur- og treningsområde og ligg nært barnehage, skule og der folk bur.


Q14 Kva er dei tre viktigaste folkehelse tema knytt til bruken av området i dag?



Figur 6 Histogram til spørsmål 14. Utklipp frå spørjeundersøkinga

Q13 Kva meiner du er dei tre viktigaste kvalitetane for barn og unge over 6 år i området i dag?

Besvart: 293 Hoppet over: 40



Figur 7 Histogram til spørsmål 13. Utklipp frå spørjeundersøkinga


3.4 Meininger om eit mogleg framtidig bumiljø i Lonena

Dei siste 25 spørsmåla omhandlar ønskelege kvalitetar for eit framtidig bustadområde i Lonena. Mange hoppar over desse spørsmåla, frå og med spørsmål 16 er det i gjennomsnitt henta inn 260 svar og frå spørsmål 21 er det gjennomsnittleg henta inn 240 svar.

Det kjem fram eit tydeleg ønske om å ta vare på Brekkeløypa og naturen rundt ved eit mogleg framtidig bustadområde i Lonena. 89% ville nytta Brekkeløypa dagleg/kvar veke dersom dei budde i området kring Lonena, noko som er meir enn talet på respondentar som nyttar Brekkeløypa dagleg/kvar veke i dag. 84% ville nytta turstiane utanfor Brekkeløypa dagleg/kvar veke dersom dei budde i området. Dei fleste respondentane meiner at kort veg til naturområder, utsyn mot større naturområder og element frå opprinneleg terreng er viktige grønne element i eit bustadområde.

Q22 Kva er viktige grøne element for deg i eit bustadområde? (1 ikkje viktig - 6 særst viktig)?

Besvart: 240 Hoppet over: 93



Figur 8 Histogram med svar på spørsmål 22. Utklipp frå spørjeundersøking

Brekkeløypa med naturområdet rundt gjer høve til tur, god psykisk helse og grøne kvalitetar i kvardagen – som er dei tre viktigaste folkehelse tema for respondentane som har svara. Dei tre viktigaste kvalitetane for barn/unge over seks år i eit bustadområde som Lonena er fri leik på terreng/ulendt, der det er vaksne til stades, langt frå bilveg. I Brekkeløypa ønsker dei tilrettelegging og aktivitetar for både eldre, vaksne, unge og barn. På same stad skal den eldre kunne sitte og kvile, den unge trene og barna leike. Dei konkrete forslaga som er ønska blant flest er; treningsapparat/tuftepark, klatre/balanseapparat for barn, trygg akebakke, utplasserte troll, bålplass med gapahuk og benker.

Viser 28 ord og uttrykk


Vinteren Rekreasjons Fint Kano Ulike Grillplass Bålplass Cross Bane
 Tuftepark Stier Apparater Dag Barn Området
 Treningsapparat Plass Benker Park Rundt Feks
 Gapahuk Grillhytte Litt Rasteplasser Akebakke Skiløyper Lekeplass Bra

Figur 9 Tekstanalyse for spørsmål 8. Utklipp frå spørjeundersøkinga

Dersom dei skulle flytta i dag, ville dei budd nært både friluftsområde og sentrum i ein relativt stor bustad.

44% ønsker å bu i einebustad dersom dei skulle busett seg i Lonena, medan 24% ønsker å bu i stor leiligheit. Færre svarar at dei ønsker å busette seg i små bueiningar som rekkehus, townhouse, tomannsbustad eller liten leiligheit. Dei fleste, 37%, ønsker ein bustad på 100-150m², medan 30% av respondentane ønsker ein storleik på 150-200m².

Q24 Kva type bustad er attraktiv for deg dersom du skulle busett deg i Lonena?




Figur 10 Histogram med svar på spørsmål 24 «Kva type bustad er attraktiv for deg dersom du skulle busett deg i Lonena??» Utklipp frå spørjeundersøking

Nær halvparten svarar at alderssamansettinga i bustadområdet har noko å seie dersom dei skulle bu i Lonena. Om lag like mange ønsker å kunne flytte internt innanfor same bustadområde etter kvart som dei vert eldre.

Folk har svara at dei tre klart viktigaste tilboda å ha nært bustaden sin er, 1: Park/større friluftsområde 2: Daglegvarebutikk 3: Skule, og 800 meter er den lengste strekninga dei ville ha gått til dei daglege gjeremåla sine. 60% ville ikkje hatt færre bilar viss dei budde i Lonena. Omtrent like mange meiner ein middels store leiligheit i Lonena bør ha 2 parkeringsplassar for bil. 80% meiner at ei middels stor leiligheit i Lonena-området bør ha 2 parkeringsplassar for sykkel eller fleire. 37% ville ha nytta sykkelen dagleg/fleire gongar dagleg til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena. Omtrent dobbelt så mange svarar at dei dagleg/fleire gongar dagleg ville ha gått til dei daglege gjeremåla sine.

Q33 Kor ofte ville du gått til dine daglege gjeremål dersom du budde i Lonena?

Besvart: 228 Hoppet over: 105



Figur 11 Histogram med svar på spørsmål 33. Utklipp frå spørjeundersøking

3. Diskusjon

Brukartid og fullføringsgrad

Gjennomsnittleg tid nytta på å svare på skjemaet er 13 minutt. Brukartida fortel at spørjeundersøkinga var for lang for mange av respondentane, slik at dei ikkje fullførte heile spørjeundersøkinga. Dersom dei hadde fått informasjon om kor mange spørsmål skjemaet inneheld og estimert brukartid, kan det hende færre hadde deltatt på undersøkinga, men at fleire hadde fullført heile spørjeskjemaet. 71% har fullført heile undersøkinga. Årsaka til at mange respondentar hoppa av etter spørsmål 15 og enda fleire etter spørsmål 20, kan vere at dei gjekk lei og ikkje ville bruke meir tid på undersøkinga. Det kan også vere at folk har valt å kun svare på dei spørsmåla som er mest aktuelle for dei, for å få tydeleg fram standpunkta deira. Spørsmål 16-41 handlar om utbygging i Lonena og korleis den bør vere. Det kan derfor tenkast at dei fleste har svara på dei 15 fyrste spørsmåla fordi dei er motstandarar av, eller ikkje har noko forhold til utbygging i Lonena. Grunnen til at mange hoppar over dei opne spørsmåla, er truleg fordi desse spørsmåla krev at ein må tenkje over kva ein sjølv synest og formulere svaret sjølv. Det tar meir energi og tid enn å krysse av på svaralternativa for dei lukka spørsmåla.

Sjølv om respondentane har brukt svært ulik tid på å svare på skjemaet og sjølv om ikkje alle har svara på alle spørsmåla, er svara nyttige i undersøkinga.

Respondentane

Aldersfordelinga til respondentane er som nemnd ikkje representativ med aldersfordelinga til befolkninga i Lindås kommune. Årsaka til denne aldersfordelinga, kan ein ikkje finne med sikkerheit basert på svara i denne kvantitative undersøkinga. Utfallet er truleg ein konsekvens av at folk i alderen 35-49 år er mykje aktiv på Facebook, i tillegg til at dei har budd fleire år i Lindås kommune, og har planar om å bli buande mange fleire år. Dersom ein har budd same stad ei stund og har planar om å bli buande i lang tid, kan ein få ein god tilknytning til området. Tilknytninga kan gjere denne aldersgruppa meir engasjert i utviklinga i lokalsamfunnet enn andre aldersgrupper. Aldersgruppa 15-29 år er dei mest aktive på Facebook i følgje landsgjennomsnittet, likevel utgjer aldersgruppa 0-19 år berre 1,51% av respondentane medan aldersgruppa 20-34 år utgjer 18%. Mange i alderen 19-34 år har truleg flytta vekk frå Lindås kommune utan konkrete planar om å flytte heim att dei i løpet av dei fyrste åra. Då er det naturleg å ikkje vere like engasjert i kva som skjer i området.

Kvalitetar i området i dag og ønska kvalitetar i eit framtidig bustadområde

Undersøkinga viser at Brekkeløypa og det omkringliggende naturområdet er svært viktig for folk. Over halvparten av respondentane brukar Brekkeløypa kvar veke og 11% brukar ho dagleg. Mange framhevar standard (belysning, tryggleik), folkehelse, grønne element, kvalitetar for barn/unge over seks år, møtestad og tilgjenge som gode kvalitetar i Lonena-området.

Sjølv om færre respondentar svarar på den delen av spørjeundersøkinga som omhandlar kva kvalitetar som er ønskeleg i eit framtidig bustadområde i Lonena, er det i gjennomsnitt henta inn 244 svar per spørsmål (spørsmål 16-40), noko som er nyttig for undersøkinga.

Det er eit tydeleg ønske at ein må bevare Brekkeløypa og naturområdet rundt ved utviklinga av området. Kort veg til naturområde er for dei fleste viktigare enn plen/ grasflater/ tilrettelagt hage eller fellesområde med leikeplass. Ønsket om bevaring av Brekkeløypa og naturområdet rundt, samsvarer med dei folkehelse tema respondentane meiner er viktigast; høve til tur, psykisk helse og grønne kvalitetar i kvardagen. Desse tema heng saman. Dei heng også saman med det respondentane meiner er gode tilbod for barn/ unge over 6 år i området i dag og i eit framtidig bustadområde i Lonena, der fri lek på terreng/ulendt er rangert som viktigaste tema. Då 55% av respondentane har adresse i Knarvik/Isdalstø, har over halvparten allereie god tilgang til Brekkeløypa og naturområdet rundt. Dei frykter naturlegvis at det gode rekreasjonstilbodet dei har i dag blir øydelagd dersom det blir bygd fleire bustadar i området. Desse respondentane har truleg prioritert å svare på dei 15 fyrste spørsmåla, som handlar om kvalitetar i Lonena i dag, for å tydeleg få fram standpunkta sine. Sjølv om bevaring av Brekkeløypa og naturområdet rundt er viktig for respondentane, har dei fleire forslag til korleis løypa kan vidareutviklast med meir tilrettelegging. Dei ønsker å styrke området som ein sosial arena for folk i alle aldersgrupper, med temapunkt som trening/tuftepark, bålplass, benkar og aktivitetar for barn.

Dei fleste respondentane ønsker å bu i einebustad i eit framtidig bustadområde i Lonena, medan stor leilegheit har fått nest flest stemmer. Det har vore og er vanleg å bu i einebustad i Knarvik og resten av Lindås kommune. Derfor er det naturleg at flest ønsker å halde fram med å bu i einebustad. Hadde fleire av respondentane vore yngre eller moglege tilflyttarar frå Bergen, kunne utfallet av svara blitt annleis. Leilegheiter kombinert med større bueinigar kan legge til rette for variasjon i alderssamansetting, noko som viser seg å vere ønskeleg blant respondentane. Om lag halvparten meiner at alderssamansettinga har noko å seie i bustadområdet, og dei ønsker å flytte internt i det same bustadområdet etter kvart som dei vert eldre.

Dersom dei skulle flytte, ønsker dei fleste av respondentane som har svara å bu sentralt. Samstundes ønsker dei som nemnd å ha større samanhengande naturområde tilgjengeleg og å bu i eit område med både einebustadar og større leilegheiter. Lonena ligg i eit større naturområde sentralt i Knarvik. Utbygging av bustadar med varierende storleik i dette området, svarar dermed på respondentane sine ønske for eit bustadområde dersom dei skulle flytte. Vel å merke meiner dei likevel at utbygginga ikkje må øydelegge kvalitetane som er i området i dag.

Transport i eit framtidig bustadområde i Lonena

Dei fleste respondentane meiner at ei middels stor leilegheit i Lonena bør ha to parkeringsplassar for bil og to eller fleire parkeringsplassar for sykkel. Samstundes ønsker dei fleste å bu i einebustad, som er større enn ei middels stor leilegheit. Spørjeundersøkinga stiller ikkje spørsmål om kor mange parkeringsplassar for bil og sykkel dei meiner ein einebustad bør ha i Lonena. Om dei ønsker meir enn to parkeringsplassar for bil dersom dei skulle ha flytta til i Lonena, er derfor uklart. Dei fleste ville gått til dei daglege gjeremåla sine dagleg, medan færre

ville ha sykla. Det har vore og er vanleg å nytte bilen som transportmiddel i Knarvik og resten av Lindås kommune, grunna store avstandar mellom bustad, jobb, barnehage og så vidare. I framtida vil Knarvik bli ein meir urban by, der ein kan nå dei daglege gjeremåla til fots. Fram i tid, kan det derfor hende at respondentane hadde ønska færre parkeringsplassar for bil og ville ha sykla og gått meir i kvardagen.

Årsaka til at mange ville gått til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena, kan ha samanheng med at Lonena allereie ligg nært tilbod som respondentane meiner er viktige å ha nært der dei bur. 800 meter er den lengda dei maksimalt er villig til å gå til dei daglege gjeremåla sine. Innanfor ein radius på 800 meter frå planområdet i sør, ligg tilboda dei rangerer som viktigast å ha nært der dei bur som park/friluftsområde, daglegvarebutikk og skule. Dei nordlegaste delane av planområdet, omtrent halvparten av dei planlagde bustadane, ligg meir enn 800 meter unna daglegvarebutikk. Utifrå ei samanfating av svara, tolkar me park/større friluftsområde som naturområde med naturleg terreng, slik Lonena-området er i dag.

4 Konklusjon

Respondentane fungerer ikkje som eit representativt utval for undersøkingsområdet. Basert på denne undersøkinga kan ein derfor ikkje konkludere med kva folk flest i undersøkingsområdet meiner. Undersøkinga har fanga opp svært få ønsker frå potensielle innflyttarar frå til dømes Bergen. Den har heller ikkje fanga opp mange ungdommar som potensielt kan flytte heim etter fullført skulegang. Dei innhenta svara gjer likevel innblikk i idear, tankar og kunnskap publikum har knytt til Lonena som tur- og rekreasjonsområde og framtidig buområde. Denne informasjonen er eit godt supplement i planarbeidet.

Innspel til korleis Brekkeløypa kan vidareutviklast er nyttig informasjon. Mange av dei som har svara på undersøkinga meiner det ikkje må gjerast inngrep i Brekkeløypa og at det naturlege terrenget rundt bør bevarast. Samstundes ønsker dei at Brekkeløypa skal vidareutviklast som eit område for både trening, rekreasjon og møtestad for folk i alle aldra. Meir tilrettelegging med mellom anna tuftepark, leikeapparat for barn, bålplass og benkar er høgt ønska.

Respondentane gjer også gode innspel til korleis dei ser for seg å bu i eit område som Lonena. Dei fleste ønsker å bu i ein bustad eller stor leilegheit, samstundes som dei ønsker å flytte internt i same område etter kvart som dei blir eldre. Dei ser for seg å ha god parkeringsdekning for bil og for sykkel. Dei fleste ville gått til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena, medan færre ville sykla. Dei ønsker å ha utsyn mot større naturområde og å ha kort veg til naturområder, samstundes som dei ønsker dei å bu nært daglegvarehandel, barnehage og skule.

Kjelder

Lindås kommune, 2017. *Kommuneplan 2017-2029, Samfunnsdelen s. 7*

Høegh-Krohn, L. Henta 08.05.2018, frå <http://omg.no/blogg/facebook-brukere-norge-fordelt-pa-alder-og-kjonn>

Vedleggsliste

Vedlegg: Rapport for spørjeundersøkinga – områdeplan for Lonena



ADRESSE:
Strandgaten 59
5004 Bergen


EPOST:
post@opus.no

TELEFON:
55 21 41 50

WEB:
www.opus.no

Q1 Kjønn


Besvart: 331 Hoppet over: 2



SVARVALG	SVAR	
Mann	43,81%	145
Kvinne	56,19%	186
TOTALT		331

Q2 Alder

Besvart: 331 Hoppet over: 2



SVARVALG	SVAR	
0-19	1,51%	5
20-34	18,13%	60
35-49	54,68%	181
50-69	22,66%	75
70 +	3,02%	10
TOTALT		331

Q3 Postnummer

Besvart: 319 Hoppet over: 14

#	SVAR	DATO
1	5911	15.03.2018 18:33
2	5914	15.03.2018 18:08
3	5915	15.03.2018 15:25
4	5914	15.03.2018 10:57
5	5251	15.03.2018 00:32
6	5916	14.03.2018 22:48
7	5914	14.03.2018 19:58
8	5914	14.03.2018 19:15
9	5939	14.03.2018 19:09
10	5914	14.03.2018 18:49
11	5993	14.03.2018 18:18
12	5911	14.03.2018 17:37
13	5914	14.03.2018 09:43
14	5911	14.03.2018 08:12
15	5918	14.03.2018 08:02
16	5918	14.03.2018 07:40
17	5914	14.03.2018 00:31
18	5914	14.03.2018 00:07
19	5912	13.03.2018 21:21
20	5916	13.03.2018 20:32
21	5956	13.03.2018 18:58
22	5911	13.03.2018 18:43
23	5915	13.03.2018 17:28
24	5916	13.03.2018 16:23
25	5916	13.03.2018 16:23
26	5916	13.03.2018 16:17
27	5911	13.03.2018 15:02
28	5914	13.03.2018 14:52
29	5914	12.03.2018 08:26
30	5955	12.03.2018 01:59
31	5911	11.03.2018 00:57
32	5916	10.03.2018 16:44
33	5914	09.03.2018 22:20
34	5914	09.03.2018 21:58
35	5955	09.03.2018 19:14

Undersøking til arbeidet med områdeplan for Lonena

36	5916	09.03.2018 17:12
37	5911	09.03.2018 11:16
38	5918	09.03.2018 09:40
39	5918	09.03.2018 08:16
40	5918	09.03.2018 07:47
41	5915	09.03.2018 07:33
42	5914	06.03.2018 20:55
43	5914	03.03.2018 12:19
44	5914	01.03.2018 14:52
45	5911	01.03.2018 14:39
46	5914	28.02.2018 12:56
47	5912	28.02.2018 10:38
48	5912	27.02.2018 18:37
49	6429	27.02.2018 18:21
50	5911	27.02.2018 15:03
51	5914	27.02.2018 11:47
52	5916	27.02.2018 08:07
53	5914	26.02.2018 23:13
54	5916	26.02.2018 23:06
55	5938	26.02.2018 22:37
56	5911	26.02.2018 21:50
57	5957	26.02.2018 19:39
58	5915	26.02.2018 09:25
59	5916	26.02.2018 08:30
60	5916	24.02.2018 10:13
61	5916	22.02.2018 22:53
62	5914	22.02.2018 21:01
63	5916	22.02.2018 15:10
64	5914	22.02.2018 11:31
65	5911	22.02.2018 10:45
66	514	21.02.2018 18:39
67	5914	21.02.2018 17:57
68	5911	21.02.2018 17:25
69	5914	20.02.2018 22:15
70	5914	20.02.2018 19:56
71	5914	20.02.2018 19:17
72	5914	20.02.2018 16:43
73	5099	20.02.2018 12:45
74	5914	20.02.2018 12:29
75	5916	19.02.2018 09:02
76	5915	18.02.2018 17:26

Undersøking til arbeidet med områdeplan for Lonena

77	5914	18.02.2018 15:01
78	5914	18.02.2018 14:41
79	5914	18.02.2018 14:10
80	5911	18.02.2018 13:45
81	5914	18.02.2018 11:31
82	5911	18.02.2018 00:54
83	5914	17.02.2018 22:15
84	5916	17.02.2018 19:37
85	5914	17.02.2018 15:46
86	5914	17.02.2018 14:09
87	5914	17.02.2018 12:44
88	5912	17.02.2018 10:22
89	5911	17.02.2018 00:05
90	5913	16.02.2018 23:10
91	5911	16.02.2018 22:52
92	5912	16.02.2018 21:58
93	5912	16.02.2018 21:41
94	5911	16.02.2018 20:26
95	5916	16.02.2018 20:15
96	5916	16.02.2018 18:23
97	5913	16.02.2018 17:40
98	5914	16.02.2018 17:39
99	5911	16.02.2018 17:04
100	5914	16.02.2018 15:43
101	5918	16.02.2018 12:01
102	5914	16.02.2018 10:05
103	5993	16.02.2018 09:50
104	5916	16.02.2018 09:47
105	5916	16.02.2018 09:35
106	5957	16.02.2018 06:40
107	5916	16.02.2018 01:24
108	5914	16.02.2018 01:00
109	5916	16.02.2018 00:38
